



Medlemsbrev september 2018 3-18

Hei der

Velkommen til nye medlemmar i Norsk Forening for Palliativ Medisin (NFPM)! Særleg for dei legg eg ved medlemsbrev 1-18 [linke](#) og 2-18 [linke](#).

Landskonferansen i palliasjon 2018

Den 15. Landskonferansen i Palliasjon er over og vart ein fagleg og sosial suksess med gode tilbakemeldingar. Den vakre byen Bodø gav oss ei fin ramme rundt konferansen.

Gode foredrag både i plenum og i fleire parallellsesjonar med viktige tema som NOU2017; 16, palliativ behandling av hjartesykt, organisering av palliative kommunale team, eigenomsorg, smertevurdering av sjukeheimsbebuarar, barn og palliasjon, frivilligheit, innblikk i ulike organisatoriske modellar, siste nytt

frå forskningsfronten, symptomlindring, åndelege- og eksistensielle utfordringar, førehandssamtalar, poesi og fortelling som palliativ omsorg, og mykje, mykje mer. Og til slutt ein levande forelesning om livet, døden og klovnene.

Særleg viktig for å forstå vår notid og for å planlegge for framtida, synes følgande foredrag å vere nyttige:

- På liv og død - Palliasjon til alvorlig syke og døende v/ Stein Kaasa
- Presentasjon av nye faglege råd for lindrande behandling i livets slutfase v/ Sjur Bjørnar Hanssen, Helsedirektoratet. [Sjå lenke.](#)
- Revisjon av handlingsprogram for palliasjon i kreftomsorgen v/ Jan Henrik Rosland
- Hvis palliasjon handler om selvbestemmelse og respekt for individuelle ønsker og behov, hvorfor får da ikke pasienten bestemme? v/ Ole Raaskjær, Foreningen for Palliativ Indsats, Danmark.



Stein Kaasa



Den lokale arrangementskomité får velfortent heider!

Dei forskjellige presentasjonane vert lagt inn her [lenke](#). Dei i feitt skrift er dei tilgjengelege. Det kjem fleire etter kvart.

Landskonferansen i Palliasjon høsten 2020 er alt under planlegging. Konferansen vert i Oslo-området, men nøyaktig stad og tidspunkt er ikkje fastsett enno.

NFPM årsmøte 2018

Årsmøtet i NFPM 2018 vart avhalde 13.09. og referatet kjem i neste medlemsbrev. Det vert og lagt ut på foreininga si heimeside.

Det nye styret er som fylgjer:

Anne-Tove Brenne leiar,

Arve Nordbø nestleiar

Peder Broen sekretær

Endre Røynstrand kasserar og medlemsansvarleg

Nina Elisabeth Hjorth nettansvarleg

Maren Anne Berglund høyringsansvarleg

Björg Sjøblom Ansvarleg for Onkologisk Forum

Målfrid H. Bjørgaas oppgåver vert fordelt

Anne Fasting (vara) oppgåver vert fordelt

Onkologisk Forum 2018

Onkologisk Forum vert arrangert i Bergen 15. og 16. november 2018.

[Heimesida](#) [Program](#) Program for parallell-sesjonen om palliasjon

[NFPM har eigen parallellsesjon også i år](#). I tillegg er Stein Kaasa invitert frå foreininga til å snakke om «Integrasjon mellom onkologi og palliasjon. Muligheter og løsnings» i plenum torsdag 15. nov.

Røroskurset 2019 Palliasjon for vidarekomne

Sjølv om det er sendt eigen epost om Røroskurset minner me om Røroskurset 2019 15. – 17.

mars. [Linke](#). [Linke til invitasjonen](#) Programet [linke](#) Kurset er på Røros Hotell [Linke](#)

Første påmelding er alt på plass!

Kompetanseområde Palliativ medisin

Sida om kompetanseområde Palliativ medisin er no oppdatert med lenker til nettkurs:

<https://beta.legeforeningen.no/utdanning/kompetanseomrader/palliativ-medisin/>

Forskning og aktuelle konferansar

Ein artikkel frå palliasjonsmiljøet i Bergen:

Advance care planning in life-threatening pulmonary disease: a focus group study:

<http://openres.ersjournals.com/content/4/2/00101-2017.article-info>

Vi vil allerede nå informere om en konferanse neste høst, 6.-7. november i Bergen: A Good Ending - Good for All

Dette er en internasjonal konferanse spesifikt om livets slutfase, arrangert av Kompetansesenter i lindrande behandling Helseregion Vest og Universitetet i Bergen i samarbeid med International Collaborative for Best Care for the Dying Person.

Konferansen markerer avslutningen på EU-prosjektet CODE (Care of the Dying Evaluation) - pårørendes vurdering av omsorgen til døende kreftpasienter i sykehus. Sju norske sykehus har vært med i denne studien.

Av øvrige tema kan nevnes forhåndssamtaler (advance care planning), hvordan respondere på forespørsler om aktiv dødshjelp, siste nytt om hydrering i den døende fasen, hvordan engasjere og skape åpenhet om døden i befolkningen, og hvordan effektivt forbedre omsorgen for døende. Det blir mulig å sende inn abstracts.

Mer informasjon:

<https://www.uib.no/en/k1/119363/good-ending-%E2%80%93-good-all>

Vennlig hilsen Dagny Faksvåg Haugen

Andre konferansar:

[Palliative and Supportive Care in Oncology Symposium, November 16-17 2018, San Diego, CA, USA](#)

[8th International Seminar of the European Palliative Care Research Centre and the EAPC Research Network 12 - 14 Dec 2018, Edinburgh, Scotland](#)

[16th World Congress of the EAPC 23-25 May 2019, Berlin, Germany](#) [Abstraktfrist: 15 okt 2018](#)

[ESMO 2018 \(European Society for Medical Oncology\), 19-23 October 2018, Munich, Germany](#)

Medlemshandtering

Frå og med 2019 tek Legeforeininga seg av medlemsoversikt og kontingentinntaking til NFPM. Det kjem meir informasjon om dette før det vert aktuelt. Følg med på heimesida vår.

Har du noko du vil dele?

Til sist (men ikkje minst): Har du noko du vil dela med NFPM sine medlemmar? Artikkel du synest er god/nyttig, praktiske råd, møte eller kurs? Send eit tips til kasserer.nfpm@gmail.com .

Med ynskje om ein fin haust og skit jakt til dei av oss som skal til skogs!

Arendal/ Trondheim 2. oktober 2018

Endre Røystrand
Kasserar og medlemsansvarleg

Anne-Tove Brenne
leiar